



Statens vegvesen
Sogn og Fjordane
vegkontor

Notat

02005

Vår sakshandsamar - innvalsnr.

Svein Helge Frækaland - 576 55753

Vår dato

2002-02-12

Vår referanse

Vårt ark nr.


Dykkar referanse

Til (e-post): Sogndal veg- og trafikkstasjon v/Thormod Gausdal
Kopi (e-post): Sogndal veg- og trafikkstasjon v/Asbjørn Røneid, Terje Arild Kveane
Trafikkavdelingen v/Johannes Reinen, Åsmund Espe
Produksjon v/Håkon Walaker, Ole David Skjerpung
(Papirkopi): Vegteknisk seksjon v/Guro Marie Gran / Arkiv

Ev.16, hp.3, Steinsprang ved Galdane, km 7,900

Det første steinspranget gikk den 15.1.2002 kl 24.00 og stengde vegen i ca 1 time.
Det andre gikk den 6.2.2002 kl 10.30, det var mindre og stengde ikkje vegen.
Terje Arild Kveane tok kontakt og det vart teke synfaring den 8.2.2002 saman med
Kveane, Ole David Skjerpung og Johannes Stundal, sjå kart og foto nedanfor.

Steinspranget hadde sleppt nær toppen av hamrelaget i ca. 80 meters høgde over
vegbana. Totalt ca. 3 m³ fjellmasse har falle ut i dei to steinspranga. Steinblokkene har
falle ned frå fjellveggen og treft den bratte, tilgrodde ura nedunder og rulla ut i og over
vegområdet. Årsaka ser ut til å vera frostsprenging i den oppsprukne grunnfjellsgneisen i
hamrelaget. Det låg ikkje større lause blokker i sleppområdet og det såg stabilt ut. Det er
ikkje nødvendig med sikringstiltak.




Sleppområdet 

Kartmålestokk 1:3000



Sleppområdet



Sleppområdet såg stabilt ut